

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Nyskapande aktivitetsanlegg 2020-2023. Vidareføring av prosjektet.

Forslag til vedtak

1. Hovudutval kultur, idrett og integrering stiller seg bak vidareføringa av prosjektet i perioden 2020-2023 slik det er skissert i prosjektskildringa.
2. Hovudutval kultur, idrett og integrering peikar ut ein (1) representant til å delta i styringsgruppa for prosjektet.
3. Hovudutval kultur, idrett og integrering gir fylkesdirektøren mandat til å utarbeide retningsliner for tilskotsordninga på bakgrunn av framdriftsplan, målsettingar og skildring av prosjektet jf. vedlagt projektskisse.
4. Hovudutval kultur, idrett og integrering gir fylkesdirektøren mandat til å inngå samarbeidsavtale med nasjonalt ressurscenter for eigenorganisert aktivitet, Tverga for perioden 2020-2023. Avtalen ligg ved saka.
5. Hovudutval kultur, idrett og integrering gir fylkesdirektøren mandat til å inngå samarbeidsavtale med Lokale- og Anlægsfonden for perioden 2021-2023. Avtalen ligg ved saka.

Samandrag

Vestland fylkeskommune (VLFK) vil, i samarbeid med Vestland idrettskrets, Lokale og Anlægsfonden (LOA), nasjonalt ressurscenter for eigenorganisert aktivitet - Tverga, og andre aktørar, stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsanlegg i kommunane. Med utgangspunkt i lokalmiljøa sine behov innan fysisk aktivitet og idrett, basert på brei medverknad, eit godt kunnskapsgrunnlag og berekraftige løysingar, skal dei riktige anlegga byggjast. Målet er i perioden 2020-2023 å utvikle inntil 12 bærekraftige eksempelbygg som er nyskapande og inspirerande på tvers av aktivitetar og idrettar. I tillegg er utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre, og erfaringar som kan påverke ny politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel sentralt i prosjektet.

I 2019 og 2020 har fire pilotprosjekt på skular i kommunane Bjørnafjorden, Stord, Kvam og Austevoll fått oppfølging frå LOA og VLFK. Lokale prosjektgrupper jobbar no saman med fire ulike arkitektkontor med å skape eit attraktivt uteområde knytt til skular og idrettsanlegg. Prosjekta har fokus på berekraft og medverknad. Fase 1 handlar om gjennomføring av fire pilotprosjekt knytt til skuleområde. I fase 2 i 2021 blir alle kommunar i Vestland invitert til å vere med på å vidareføre satsing på å skape attraktive skuleområde, medan fase 3 i 2022 vil ha fokus på ombygging av idretts- og aktivitetshallar eller kreative løysingar for nye hallar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

- 1 Samarbeidsavtale med Tverga 2020-2023
- 2 Samarbeidsavtale LOA 2020-2023
- 3 Prosjektskisse 2020-2023
- 4 Søknad til Sparebanken Vest, Agenda Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Arbeid med nyskapande anleggsutvikling er forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024. Vestland fylkeskommune har gjennom prosjektet mål om å skape modellanlegg med ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for fysisk aktivitet og idrett. Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov, basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og berekraftige løysingar. Innsatsområda er innovative idretts- og aktivitetshallar og attraktive skuleområde. Alle kommunar i Vestland kan søke om å delta i prosjektet frå 2021. Utvalde prosjekt vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsbygginga.

Proessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala. I 2019-2020 har metodane vore utprøvd ved 4 skular i ulike kommunar med gode attendemeldingar. Lokale og Anlægsfonden (LOA) i Danmark, det nasjonale ressursenteret for eigenorganisert aktivitet, Tverga, og Vestland idrettskrets er sentrale samarbeidspartnarar i prosjektet. Fleire andre aktørar er også involvert, både i høve arkitektkompetanse, finansiering og forskning.

LOA har i ei årrekke vore ein god samarbeidspart for Hordaland fylkeskommune. Det har vore fleire konferansar og studieturar der kommunane har vore med til Danmark eller LOA har vore i Hordaland og hatt innlegg til inspirasjon for heile kultur og idrettsfeltet. Særleg har idrettsrådskonferansen dei siste to åra vist at det er eit ønske i kommunane at Vestland fylkeskommune skal løfte fram denne modellen frå Danmark. Idretten og mange kommunar har vist stor interesse for denne måten å jobbe på, og gjennom dette prosjektet håpar vi å kunne auke kompetansen om denne måten å drive anleggsutvikling både i staten, fylkeskommunen, i kommunane, i idretten og blant ulike arkitektkontor. Fylkeskommunen har hatt ein intensjonsavtale med LOA sidan september 2019, og denne er no foreslått erstatta med ein samarbeidsavtale 2021-2023.

Tverga skal på oppdrag frå Kulturdepartementet, vere eit ressursenter for tilrettelegging for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet i Norge. Dei stimulerer til nytenking m.a. gjennom informasjonsarbeid, nettverksbygging og vegleiing. Som del av dette har dei eit prosjekt "En morsom omvei" som er retta mot kommunar på austlandet. Det er fleire likskapar med prosjektet nyskapande aktivitetsutvikling, og gjennom god samhandling oppnår ein gode synergieffektar m.a. når det gjeld kunnskapsgrunnlag. Fylkesdirektør foreslår å inngå ein samarbeidsavtale med Tverga 2020 -2023.

Statlege føringar

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok den 2.12.2019 i PS 10/2019 innspel til ny stortingsmelding om idrett. Der står det m.a.

«Det er behov for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg.» «Vestland fylkeskommune ønskjer å drive eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Målet er å utvikle nokre bærekraftige eksempelbygg som er nyskapande og inspirerande på tvers av idrettar, aktivitetar og kultur. Utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre og erfaringar som kan påverke ny politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel er også ein del av det vi ønskjer å oppnå, t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklistar/ suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling.»

«Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov innan idrett, kultur og fritid, - basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og bærekraftige løysingar. I prosessen må det vere eit bredt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper. På denne måten kan det skapast attraktive møteplassar i lokalsamfunnet som er nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar, med ein arkitektur av høg standard. Utvalde prosjekt bør få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar på tvers av sektorar. Proessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala.

Strategiutvalget for idrett skreiv i sin rapport Statlig idrettspolitikk inn i en ny tid (2016) m.a. behovet for økt kunnskap som grunnlag for begrunnede politiske og strategiske valg, idrettspolitiske diskusjoner og faglige prioriteringer innenfor idrettsanlegg er stort. Dei

meinte dagens satsing er for liten for å handtere behovet for forskning, utvikling og rådgiving på dette området. For å sikre nytenkning og utvikling på idrettsanleggsområdet bør det vurderes om 1) en del av ressursene skal øremerkes prosjekter som kvalitetssikrer behovsprøvingen og mangfoldet i bygging av anlegg for å nå statens mål om fysisk aktivitet og idrett for alle, 2) et større nasjonalt ansvar for å koordinere FoU-arbeidet på området skal tas og 3) det sammen med NIF skal sette av mer ressurser til å drive faglig rådgiving, basert på kunnskapen som utvikles.

I utviklingen av dette konseptet anbefalte dei at ein ser til Danmark, der Lokale- og Anlægfonden har bidratt til nytenkning og utvikling av aktivitetsbygg og uteområder med arkitektonisk og funksjonell kvalitet. Rådgiving, forskning og utredning er en stor del av fondets arbeid, og de samarbeider tett med Idrættens analyseinstitutt, IDAN. Intensjonen med fondet er å møte det sterke behovet for fornyelse i anleggstenkingen som resultat av befolkningens endrede aktivitetsmønstre. Prosjektene har ført arkitekter og planleggere tettere sammen med idrettslag og kommuner for å tenke nytt og kreativt.»

Organisering av prosjektet nyskapande anleggsutvikling

Det vert etablert ei styringsgruppe med representantar frå Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, LOA og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. I tillegg vil ulike fagmiljø bli invitert til å delta i ei ressursgruppe som kan bidra i dei ulike prosjekta, t.d. Tverga, NMBU og Idrettsklynge Vest.

Vestland fylkeskommune er prosjekteigar og prosjektleiari har ansvar for å følge opp dei ulike delprosjekta. Anleggsrådgjevarar følg prosessane tett for kompetansebygging/overføring. Vestland idrettskrets sin anleggsrådgjevar er også ein ressursperson saman med idrettsråda og idrettslag i dei ulike prosjekta. Tilsette i LOA bidreg med spisskompetanse ut frå behova i dei ulike prosjekta. Tverga bidreg med sine erfaringar frå liknade prosjekt og i høve til kunnskapsgrunnlaget. NMBU og Idrettsklynge Vest samordnar seg i høve til evaluering av prosjekta.

Det vert etablert lokale arbeidsgruppe for kvart delprosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar. Fylkeskommunen, LOA og andre interessentar vert kopla på tidleg i prosjekta og elles ved behov. Kvart prosjekt skal gje eit lokalt løft, ha nasjonal relevans og vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk.

Ekstern finansiering

Fylkesdirektøren har vore i dialog med Agenda Vestland (Sparebanken Vest), og har fått positive signal om å sende søknad då dette prosjektet er i tråd med stiftinga sine prioriterte satsingsområde. Søknad om finansiering vert sendt samstundes som denne saka vert lagt til handsaming (kopi av søknad ligg ved saka). Det vert søkt om tilskot i ein 3-års-periode med utgangspunkt i støtte til 4 anlegg kvart år med ei ramme på inntil 2 mill. for kvart anlegg. Søknadssummen er på totalt kr 24 mill. Kommunane skal bidra med om lag 30% i eigenfinansiering i sine prosjekt. I tillegg kan kommunane søke om midlar frå ulike ordningar knytt til spelemidlar m.a. for å realisere den lokale anleggsbygginga.

Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkesrådmannen foreslår å avsetje kr 2,25 mill. i budsjettet for 2021. Desse midlane skal m.a. dekke midlar til samarbeid med LOA, medverknadsprosessar, arkitektkompetanse, FoU, kompetansetiltak m.m. Det vert og søkt om ressursar til prosjektet frå Agenda Vestland.

Klima: Prosjekta skal ha fokus på berekraft

Folkehelse: Prosjektet har stort fokus på medverknad, inkludering og mangfald. Målet er å skape møteplassar som er attraktiv og tilgjengeleg for alle.

Regional planstrategi: Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Utviklingsplan for Vestland seier i kap 2.2. Berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling, at ein kan oppnå store synergjar ved å sjå berekraftsmåla i samanheng. Gjennom dette prosjektet vert det jobba med utfordringar knytt til fleire av dei 17 måla, på tvers av sektorar. I tillegg til at kunnskap vert lagt til grunn for arbeidet.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Hovudutval kultur, idrett og inkludering stiller seg bak prosjektet nyskapande anleggsutvikling 2020-23. Det er eit prosjekt som direktøren ser kan få mykje merksemd lokalt og regionalt, men også nasjonalt. Samarbeidsavtalane med LOA og Tverga sikrar avgjerande kunnskap inn i arbeidet. Utviklinga av inntil 12 modellanlegg vil kunne gje nyttig kunnskap om korleis ein i større grad kan sikre at kommunane og organisasjonane byggjer dei riktige anlegga i høve til å oppnå ein aktiv kvar dag for innbyggjarane i Vestland. Det er også eit viktig arbeid i eit folkehelseperspektiv då det kan bidra til å bygge ned barrierar for deltaking ved å legge til rette for ei anleggsutvikling med fokus på m.a. sosial berekraft. Prosjektet er i tråd med satsingar i utviklingsplan for Vestland og vedteken Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.